

# KONTROLLUTVALET I GISKE KOMMUNE

## MØTEBOK

Møtedato: 18.02.2020 kl.13.00

Møtestad: Giske rådhus,  
kommunestyresalen

Møtet vart leia av Dag Oksnes.

Elles til stades: Asbjørn Furnes, Herman Rørvik Blindheim, Sissel Anita Roald og Inger

Johanne Sund

**= 5 voterande**

Ordførar Harry Valderhaug deltok på heile møtet. Frå administrasjonen møtte kommunedirektør Marianne Stokkereit på delar av møtet, ass. kommunedirektør Lene Bjørlo Overå, økonomisjef Ann Kristin Thu og einingsleiar Greta Giske på sak 07/20.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsansvarleg revisor Knut Gunnar Alnes, revisor Kathrin Haram og forvaltningsrevisor Svein Ove Otterlei.

Det var ingen merknader til innkallinga og sakslista. Kontrollutvalet valde å handsame sak 07/20 i byrjinga av møtet.

---

### **Sak 01/20 Meldingar.**

Meldingane blei tatt til vitande.

### **Sak 02/20 Godkjenning av møtebok frå møte 03.12.2019.**

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møteboka frå 03. desember 2019 vart teken til vitande.

## **Sak 03/20 Forvaltningsrevisjonsrapport «Investeringsprosjekt»**

Sakspapir frå sekretariatet datert 11. februar 2020

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

**Saka blir lagt fram for kommunestyret med forslag om slik**

#### **innstilling:**

1. Kommunestyret viser til konklusjonar til revisjonsrapporten i kapitel 5 og føreset at rådmann tek rapporten til etterretning, og følgjer opp dei tilrådingar som blir gitt.
2. Kommunestyret føreset at det blir utarbeidd prosedyremalar innan dei områda som spesifikt blir nemnde i rapporten, for å minimere faren for systemsvikt og manglande kontinuitet i arbeidet med investeringar i framtida.
3. Rapporten bør nyttast som innspel til arbeidet med nytt kvalitets- og internkontrollsystem i Giske kommune.

## **Sak 04/20 Bestilling av overordna analyse- og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon.**

Sakspapir frå sekretariatet datert 11. februar 2020

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet i Giske bestiller frå Møre og Romsdal Revisjon SA ei risiko- og vesentlegvurdering av kommuna si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap innafor ei ramme på inntil 100 timer.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast i tråd med det som kjem fram i saksframlegget.

**Sak 05/20 Årsrapport 2019 Nordre Sunnmøre Kemnerkontor og skatterekneskap for Giske kommune.**

Sakspapir frå sekretariatet datert 11. februar 2020

**Leiar Dag Oksnes fremma på vegne av kontrollutvalet eit nytt punkt 2:**

Giske kontrollutval ber kommunestyret vurdere å avklare med skattemyndigheitene tilhøva som er reist rundt beskatning av leigearbeidarar i ulike verksemder i kommunen.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek rapporten til vitande.
2. Giske kontrollutval ber kommunestyret vurdere å avklare med skattemyndigheitene tilhøva som er reist rundt beskatning av leigearbeidarar i ulike verksemder i kommunen.

**Sak 06/20 Årsmelding for Giske kontrollutval 2019.**

Sakspapir frå sekretariatet datert 11. februar 2020

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Giske kontrollutval godkjenner årsmeldinga og sender den over til kommunestyret som melding.

## **Sak 07/20 Diverse orienteringar frå kommunedirektøren.**

Sakspapir frå sekretariatet datert 11. februar 2020

Saka vart lagt fram utan tilråding til vedtak frå sekretariatet.

Økonomisjef Ann Kristin Thu delte ut eit ark med førebels oversikt og ga ei orientering kring status om rekneskapen 2019. Ordførar Harry Valderhaug orienterte om havnerådet og fortalde at han vil diskutere med rådet kva rolle kontrollutvala kan ha i dette samarbeidet.

Einingsleiar Greta Giske rapporterte om status kring arbeidet med tilsynsførarar i barnevernet. Situasjonen er no tilfredstillande.

**Kontrollutvalet tok orienteringane til vitande.**

Møtet var slutt kl. 15.15

Dag Oksnes leiar (sign.)	Asbjørn Furnes nestleiar (sign.)	Herman R. Blindheim medlem (sign.)	Sissel Anita Roald medlem (sign.)	Inger Johanne Sund medlem (sign.)
--------------------------------	--	--	---	---